



Bergen Byggprosjektering AS
Att. Bjarne E Aardal

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2007/1771 - 22897/2008	Larissa Dahl - 56 37 56 37	18/35	16.10.2008

Delegert sak

Revidert løyve til tiltak og utsleppsløyve - Gbnr. 18/35 fritidsbustad Toft

Vi viser til søknad om løyve til tiltak, motteke 03.10.07 og løyve til tiltak av 10.10.2007 og vedlagt:

- teikningar m/ terrengprofil
- situasjonsplanar
- søknad om lokal godkjenning av føretak
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- kontrollerklæring for prosjektering

Søknad om utsleppsløyve , motteken 03.10.2007.

Saksutgreiing/Vurdering

Søknaden gjeld oppføring av fritidsbustad i LNF-område som følgje av delingssak 368/05 handsama 11.01.06 av PM-utvalet.

Privat vassforsyning.

Det er i søknaden opplyst om at tiltaket ikkje er knytt til offentleg vassverk.

I samsvar med Pbl§65, er det sett krav om at eigedomen har tilfredsstillande tilgang til hygienisk trygt - og tilstrekkeleg drikkevatt

Det må verte lagt fram dokumentasjon på at drikkevattnet er tilfredsstillande hygienisk trygt - og tilstrekkeleg i samsvar med Pbl§65., før det vert gjeve bruksløyve.

Sakshandsaming.

Ved ein inkurie er utsleppsaka ikkje vore handsama. Dette vert derfor gjort i ettertid.

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar elles på følgjande vilkår :

1. Vilkåra i tomtedelingsplanen for Gbnr. 18/5 skal følgjast opp.
2. Samtykke frå eigar av Gbnr. 18/5 til å byggje veg over hans grunn må verte sendt inn.

3. Bygget skal plasserast i samsvar med situasjonsplan motteke 03.10.07, med topp ringmur/grunnmur/ferdig golv på kote 12,0. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur/ringmur vert sett i gang, **og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande.** Det skal også sendast inn tilsvarende dokumentasjon på ferdig bygg (PBL § 70 nr. 1).
4. Plassering av utsleppsanlegget skal koordinatfestast, **og dokumentasjon skal sendast til kommunen omgåande** (PBL § 70 nr. 1), seinast før det vert gjeve bruksløyve.
5. Med heimel i forskrift om om begrensning av forurensning fastsett 1.6.2004, (forurensningsforskriften), kapittel 12, vert det gjeve utsleppsløyve for typegodkjent, slamavskiljar med 3-kamrar på 4 m³ før utslepp gjennom tett leidning til sjø.
6. Tomta skal knytast til offentlig eller anna felles vass- og avløpssystem og eventuell overvassleidning dersom dette vert utbygt i området. Kommunen gjer merksam på at det kan verta kravd del av refusjon for anleggsutgifter til leidningar for vatn og kloakk. Storleiken på summen skal fastsetjast av kommunen.
7. Det må verte lagt fram dokumentasjon på at drikkevotnet er tilfredsstillande hygienisk trygt - og tilstrekkeleg i samsvar med Pbl§65., før det vert gjeve bruksløyve.
8. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før **punkt 2*** i vedtaket er stetta.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	Arbeidsområde	Godkjent føretak
SØK		Bergen Byggprosjektering AS
PRO/KPR	Arkitektarbeid, hytte	Bergen Byggprosjektering AS
PRO/KPR	Dimensj. og konstr.arb.	Bergen Byggprosjektering AS
PRO/KPR	VVS-arbeid	Hjelmås VVS AS
UTF/KUT	Utstikking/plassering	Innmålingstjenester AS
UTF/KUT	Grunn- og terrengarbeid	Brekke Maskinstasjon Sverre Trædal
UTF/KUT	Mur- og betongarbeid	Christian Brandt
UTF/KUT	Tømrararbeid	Ebbe AS
UTF/KUT	VVS-arbeid	Hjelmås VVS AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

- Tiltakshavar: Cristian Brandt, Tyrsvet 8 B, 5173, Loddefjord
- VVA, teknisk drift, her.

Med helsing
Tor Hegle (S)
fagleiar byggesak

Larissa Dahl
avdelingsingeniør